TELEMARK MUSEUM NORSK INDUSTRIARBEIDER MUSEUM vest-telemark museum

TELEMARKSARKIVET

# Regional bevaringsplan for privatarkiv i Telemark

## – utvikling av ei wiki-basert tilnærming

Per Ormestøyl, 04.04.2017

# Kva er ein bevaringsplan?

- Reiskap for at arkivarane kan ta vurderingar og avgjersler kring bevaring av privatarkiv.
- Målet er at arkivbestanda mest mogleg skal spegle samfunnet og utviklinga i Telemark.
- Den skal innehalde
  1. Bestandsoversikt: oversikt over dei bevarte privatarkiva me kjenner til.
  2. Samfunnsoversikt: oversikt over samfunnsutviklinga.
  3. Ved å samanlikna det som fanst i samfunnet i ein gitt periode med det som finst av arkivmateriale etter arkivskaparane, veit me om me har arkiv som dokumenterer den historiske røynda.

# Regional bevaringsplan for privatarkiv i Telemark

- Dei tre musea i Telemarksarkivet: 600 000 i eigeninnsats.
- Utviklingsmidlar frå Riksarkivaren: 250 000.
- Søkt Telemark fylkeskommune og Nasjonalbiblioteket om fullfinansiering.
- Arbeid basert på BIPA og meldingane frå arkivverket.

«Telemarksarkivet vil i samarbeid med Norsk lokalhistorisk institutt utvikle ein ny metodikk for utarbeiding av regional bevaringsplan. Tenesta lokalhistoriewiki.no vil vere sentral ressurs i prosjektet – for innsamling av informasjon, for kontakt og til formidling.»

# Lokalhistoriewiki

- Eit lokalhistorisk leksikon drifta av Norsk Lokalhistorisk Institutt.
  - Del av Nasjonalbiblioteket frå 01.01.2017.
- Fag- og forskingswiki der innhaldet blir skapt i samarbeid gjennom dugnad.
- Inneheld meir enn 40 000 lokalhistoriske artiklar, 160 000 bilete.
- «Kontekstleverandør».
- Alle kan vere med, men NLI er ein tryggheit for det faglege og tekniske.

# Bestandsoversikta

- Registrere og kontrollere alle arkiv i Telemarksarkivet – publisere på arkivportalen.
- Kartlegge arkiv frå andre arkivinstitusjonar basert på arkivportalen.
- Spørjerunde til bibliotek, historielag, kommunar og andre potensielle arkivdepot.
- Alle opplysningar summerast og publiserast i sorterbar liste på Telemarksarkivet si side på lokalhistoriewiki. (Kan t.d. sorterast etter næringskategoriar.)
  - Enkel å oppdatere.
  - Peikar til Arkivportalen, Telemarkskilder og arkivinstitusjonane.
  - Arkiva koplast til dei leksikalske artiklane om aktørane som har skapt arkiva – «historikken» om arkivskaparen.

Privatarkiv frå Telemark -
lokalhistoriewiki.no/index.php/Privatarkiv_frå_Telemark

| | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark | AAT/A-833004 | SKAFSÅ ARBEIDERLAG OG KVINNEGRUPPE | | 1946 | 2004 | | Tokke | 0 | | oppføring på Arkivportalen |
| Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark | AAT/A-833024 | TOKKE AOF | | 1972 | 2003 | | Tokke | 0 | | oppføring på Arkivportalen |
| Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark | AAT/A-833003 | TOKKE ARBEIDERPARTI | | 1960 | 1995 | | Tokke | 0 | | oppføring på Arkivportalen |
| Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark | AAT/A-833015 | TOKKE ARBEIDSMANNSFORENING AVD. 48 NAF | | 1955 | 1971 | | Tokke | 0 | | oppføring på Arkivportalen |
| Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark | AAT/A-833027 | TOKKE SV | | 1979 | 1991 | | Tokke | 0 | | oppføring på Arkivportalen |
| Statsarkivet i Kongsberg | SAKO/P-199 | Åmdal kobberverk | | 1803 | 1927 | | Tokke | 0 | | oppføring på Arkivportalen |
| Vest-Telemark Museum | VTM/A-1016 | Eidsborg og Dalen arbeider- og småbrukarlag | | 1945 | 1999 | | Tokke | 0 | | oppføring på Arkivportalen |
| Vest-Telemark Museum | VTM/A-1022 | Eidsborg Ungdomslag | | 1910 | 2008 | Vest-Telemark | Tokke | 0 | | oppføring på Arkivportalen |
| Vest-Telemark Museum | VTM/A-1018 | Frihug ungdomslag | | 1920 | 1984 | Vest-Telemark | Tokke | 0 | | oppføring på Arkivportalen |
| Vest-Telemark Museum | VTM/A-1015 | Husmorvikarnemda i Mo | | 1954 | 1956 | Vest-Telemark | Tokke | 0 | | oppføring på Arkivportalen |
| Vest-Telemark Museum | VTM/A-1017 | Lårdal Pensjonistlag | | 1975 | 1998 | | Tokke | 0 | | oppføring på Arkivportalen |
| Vest-Telemark Museum | VTM/A-1012 | Mo og Skafså Bondekvinnelag | | 1952 | 1963 | Vest-Telemark | Tokke | 0 | | oppføring på Arkivportalen |
| Vest-Telemark Museum | VTM/A-1024 | Margit Bergland | | 1906 | 1990 | Vest-Telemark | Tokke, Kviteseid | 0 | | oppføring på Arkivportalen |
| Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark | AAT/A-833018 | MO ARBEIDERPARTI | | 1954 | 1963 | | Tokke, Mo (1838-1963) | 0 | | oppføring på Arkivportalen |
| Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark | AAT/A-805053 | DALEN ANLÆGSARBEIDERFORENING | | 1916 | 1919 | | Tokke, Porsgrunn | 0 | | oppføring på Arkivportalen |
| Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark | AAT/A-805017 | DALEN ARBEIDERFORENING AVD. 46 NKIF | | 1924 | 2004 | | Tokke, Porsgrunn | 1 | | oppføring på Arkivportalen |
| Aust-Agder museum og arkiv, avd. KUBEN | AAKS/PA-2516 | Thomas Nielsen, Tvedestrand | | 1879 | 1894 | | Tvedestrand før 1960 | 0 | | oppføring på Arkivportalen |
| Statsarkivet i | SAK/D/0546 | Gårdsarkiv Hommelunden, Valle | | 1562 | 1892 | | Valle, Tokke, Bykle, Fyresdal, Åmli, | 0 | | oppføring på |

NO 16:27 15.03.2017

# Samfunnsanalyse

- For å finne om arkivbestanda representerer samfunnet i Telemark treng me ei oversikt over samfunnsendringane i fylket.
- Avgrensing: 1900-2000.
- I hovudsak lage ei oversikt over utviklings- og samfunnsendringane i Telemark (makro). Brukarane på wikien vert referansegruppe for framstillinga.
- Gjennom lokalhistorisk dugnad fortelje «mikro-historia».

# Lokalhistorisk dugnad i Telemark!

- Samarbeid med Fylkesbiblioteket i Telemark + folkebiblioteka.
- Inviterer til «lokalhistorisk dugnad» med informasjon om prosjektet og opplæring i å skrive på wikien.
- Forsøke å sette ned arbeidsgrupper i kvar kommune.
- So langt har me heldt innleiande møte i fem kommunar.
- Oppfordrar til å skrive om potensielle privatarkivskaparar.
- Fylkesbiblioteket har søkt pengar til å halde fram ordninga.

Om wikien
Nybegynnerbrosjyre
Hjelpesider
Samtalesider
Tilfeldig artikkel
Siste endringer
Kategorier
Kategorisnittsøk
Kontakt oss

Avdelinger
Allmenning
Norsk historisk leksikon
Bibliografi
Kjeldearkiv
Galleri
Metode og rettleiing

Forsider
Geografi
Emner

Verktøy
Hva lenker hit
Relaterte endringer
Spesialsider
Utskriftsvennlig versjon
Permanent lenke
Sideinformasjon

# Seljord Billag

**Seljord Billag**, L/L, blei skipa på møte i Klokkarstogo i Seljord 3. mai 1919. Frå byrjinga heitte laget *Seljords Automobillag*. Føremålet med laget var «å driva biltrafikk i rute millom Ulvenes og Årnes for på den visi med ein samstelt person og varebil millom ana å frakte varone til medlemane millom nevnde stellur». Torgrim Haugerud blei valt til formann.



Den fyrste bilen som gjekk mellom Årnes brygge
Ulveneset, var ein Federal kjøpt inn ved starten
Mannen på fotografiet er Tor Sannes.
Foto: Seljord Sogelag

**Innhold** [skjul]
1 Historikk
2 Samanslåing
3 Arkivet
4 Kjelder

## Historikk

Den fyrste bilen laget kjøpte, var ein Federal lastebil. Den vart påbygd i Seljord, «med eit karosjeri på ein måte, men det var nokso primitivt». Før bilen blei satt i rute, kosta den laget 19 865 kr. Bilen køyrde ruta to gonger i veka, men berre om sumaren. I 1923 blei Federalbilen bytt bort med ein Republik. Bilen blei utbygd av snikkar Li på Notodden. «Karosjeriet var noko betre enn det fyrste, men var nokso uvandt tillaga», heiter det i årsmeldinga frå 1938. I 1924 kom jarnbanen til Bø. Det var difor naudsynt å utvide rutetilbodet m.a. for å dekke behovet frå landhandlarane. I 1926 blei det kjøpt inn ein Studebaker-buss. «Bussen var stor og vel utstyrt og vekte mykje åtgaum her uppe. Det var den fyrste i sitt slag.»

Billaget dreiv både vare- og turisttrafikk, og frå 1927 fekk dei ansvaret for snobrøytinga på strekninga Bø-Seljord-Flatdal for 1200 kr i året. Bilane vart utstyrt med plogar, men desse vart for veike for snoforholda i Vest-Telemark. Det vart difor gjort avtaler med hesteeigarar langs s fyrste åra.

## Samanslåing

I 1959 gjekk Seljord Billag saman med Fyresdal-Vrådal-Nissedal Billag og Vest-Telemark Billag om samkøyring. I 1972 blei laga slått saman til Vest-Telemark Bilruter L/L. Sentraladministrasjonen blei lagt til Seljord. I 1998 blei namnet endra til Telemark Bilruter A/S.

## Arkivet

Arkivet etter Seljord Billag er ordna på Vest-Telemark Museum. Oversikta over arkivet finn ein på arkivportalen.

## Kjelder

- Henriksveen, Herman og Åsen, Kjell: *Bakke opp og bakke ned, rutebildrift i Vest-Telemark*, Skien, 1997.

Kategorier: Seljord kommune | Rutebilselskap | Etableringer i 1919 | Opphør i 1972 | F2

Denne siden ble sist redigert 15:22, 28. jan. 2017 av Sveinung Berild.

Innholdet er tilgjengelig under CC-BY-SA der ikke annet er opplyst.

Personvern | Om lokalhistoriewiki.no | Forbehold | Opphavsrett | Retningslinjer | Cookies

# Bevaringsplanen

- Samanlikne resultata frå bestandsoversikta med samfunnsoversikta for å finne tendensane.
- Lokalhistorisk dugnad kan markere aktørar me ikkje var klare over – bidreg samstundes til bevaring av kunnskapen.
- Med tida: kan me samanlikne talet på artiklar innanfor ein kategori med talet på privatarkiv innanfor ein kategori for å finne om bestanda vår representerer samfunnet på ein god måte?
- Planen vert dynamisk, stadig forbetra – aldri utdatert.

# Meirverdi ved bevaringsplanarbeidet

- Auka kunnskap om kva privatarkiv som finst frå Telemark.
- Auka interesse og kunnskap om lokalhistoria i fylket.
- Auka forståing for kva Telemarksarkivet er og kva me kan tilby.